

REGULERINGSBESTEMMELSER FOR DEL AV GNR. 126, 127 OG 128 I VIKEBYGD

Planen omfattar heilt eller delar av desse eigedommane:

Gnr. 126 bnr. 5, 10, 17, 21, 24, 35, 36 og 108

Gnr. 127 bnr. 8, 14, 16, 33, 60, 73, 86, og 93.

Gnr. 128 bnr. 2, 3, 4, 6, 7, 8, 11, 20, 29, 30, 31, 35, 36, 40, 44, 45, 46, 47, 48, 51, 52, 53, 55, 57, 59, 61, 62, 65, 66, 68, 70, 71, 72, 84, 88.

FØRESEGNER

- § 1 Desse føreseggnene gjeld innanfor bygningslova si ramme, og kjem i tillegg til dei byggevedtekten som gjeld i Ølen Kommune.
- § 2 Etter planen og føreseggnene er stadfesta, er det ikkje tillate ved private servitutt å få i stand tilhøve som er i strid med stadfestinga. Bygningsrådet kan, når serlege grunnar talar for det, gjera unntak for mindre endringar frå føreseggnene og planen.

Fellesføresegner for byggeområde

- § 3 Det kan byggast berre innanfor byggegrensene. Tomteareal som ikkje vert bygd på, skal stellast så det får ein tiltalande utsjånad. Tomtene kan ikkje fyllast opp på ein slik måte, med vegetasjon, byggverk, m.v., at det etter bygningsrådet sitt skjøn vil vera skjemmande eller til ulempe for grannelaget eller allmenn ferdsle. Ved byggemelding skal det gjerast greie for turvande bilplassar. Bygningsrådet fastlegg godtakande takform og byggehøgder for kvart bygg.

Føresegner for bustadområde med småhus

- § 4 Bygningane skal vera frittliggjande småhus.

- § 5 Når eit bygg har saltak med eine takplanet tilnærma i same retning som terrenget, kan høgaste punktet på huset ikkje liggja høgare enn 5,2 meter over høgaste punktet på ferdig planert terreng mot huset. *DET SKAL STA STØTTEN!*

Når mønet på huset ligg på tvers av terrenget, kan høgaste punktet av bygget liggja 7 meter over høgaste punktet på ferdig planert terreng inn

mot huset. Desse høgeskildnadane skal målast mellom tenkte, vassrette plan gjennom dei punkta som er nemde.

- § 6 Ved byggemelding skal det på eigen grunn for kvar tomt visast plan for garasje til minst ein bil og i tillegg ein biloppstillingsplass for kvar husvære. For hyblar og hybelhusvære kan bygningsrådet setta ned krava.

Føresegner for byggeområde for kontor og verkstad for allmennytig føremål.

- § 7 Bygningsrådet kan gje løyve til å bygga bustader.

- § 8 Innanfor avsette byggegrenser kan lovleg bygningsmasse utformast som eit samanhengande anlegg, med ei oppdeling i samsvar med bygeforskriftene.

Høgaste punkt på kvar takoppbygg kan ikkje liggja høgare enn 7 meter over høgaste punktet på ferdig planert terreng inn mot tilsvarande del av bygget, eller høgare enn 8 meter over lågaste punktet på ferdig planert terreng inn mot tilsvarande del av bygget. Desse høgdeskilnadene skal målast mellom, tenkte, vassrette plan gjennom dei punkta som er nemde.

- § 9 Ved byggemeldingen avgjer bygningsrådet kor mange bilplassar som bør sikrast i samband med gjennomføring av prosjektet.

Føresegner for trafikkområde

- § 10 Areal som er regulert til kjøreveg gjev plass til kjørebane, bankettar og grøfter. Høgdene skal ikkje ha større avvik enn +/- 0,5 meter frå det som er ført på planen.

Føresegner for friområde

- § 11 Plan for opparbeiding ska godkjennast av bygningsrådet.

Bergen , mai 1977, EK/le

20.12.78 Plan og utbyggingsavdelinga

26.11.99 Lagt inn på data av Camilla W Lunde.

03.04.78 VEDTATT